

## PER SPELMANN

Per Spelman han hadde ei einaste ku,  
Per Spelman han hadde ei einaste ku.  
Han bytte bort kua fikk fela igjen,  
han bytte bort kua fikk fela igjen.

Du gamle, gode fiolin, du fiolin, du fela mi!

Per Spelmann han spela, og fela ho let,  
Per Spelmann han spela, og fela ho let,  
så gutane dansa, og jentene gret,  
så gutane dansa, og jentene gret.

Du gamle, gode fiolin, du fiolin, du fela mi!

Og om eg vart gamal som stein under bru,  
og om eg vart gamal som stein under bru,  
så aldri eg bytta bort fele for ku,  
så aldri eg bytta bort fele for ku.

Du gamle, gode fiolin, du fiolin, du fela mi!

Og om eg vart gamal som mose på tre,  
og om eg vart gamal som mose på tre,  
så aldri eg byter bort fela for fe,  
så aldri eg bytta bort fela for fe.

Du gamle, gode fiolin, du fiolin, du fela mi!

Tekst: Norsk folkevise